



Edgaras Mocalovas
Mangersnesvegen 59
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/639 - 14/2099

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
03.03.2014

Gnr 45/274 Manger Nedre - diverse bygningsmessige tiltak - førehandsvarsel

Radøy kommune er gjort kjent med at det er utført ei rekkje tiltak på eigedom gnr. 45/274. Mangersnesvegen 59 .

Tiltaka er opplista til å vere:

- Oppføring av mur på opptil 2 meter høgde langs med nabogrense.
- Bygging av veg langs med nabogrense.
- Forstørring av ark på tak.
- Endring av takvinkel på tilbygg og tak over inngangsparti.
- Forlenginga av hovedtak ved begge gavlar.
- Montert inn terrassedør i sørvendt gavl.
- Montert inn dør på framside i kjellar.
- Innreiingsarbeid i kjellar.
- Oppføring av terrasse på heile framsida i andre etasje.

Radøy kommune kan ikkje sjå at nemde tiltak er omsøkt og vurderer dette som mogelege ulovlege tiltak. Før kommunen handsamar saka vidare, vil me be dykk gjere greie for forholda på staden.

Uttale må vera sendt Radøy kommune innan tre veker frå dato til:

Radøy Kommune
Teknisk forvaltning
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Radøy kommune vurderer tiltaket dykkar som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova. Kommunen er pliktig å forfølge tilhøve i strid med plan- og bygningslova, jfr. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunen vil vurdere å gje pålegg om retting / opphør av bruk / forbod mot fortsett verksemd / stans av arbeid i medhald av plan- og bygningslova § 32-3. Plan- og bygningslova § 32-3 lyder slik:

"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid."

Ved utferdigelsen av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse.

Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelse av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom. Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom."

Tvangsmulkt

Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, har kommunen høve til og fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Dette kan gjerast utan vidare varsel. Plan- og bygningslova § 32-5 lyder slik:

"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkten fastsettes samtidig med pålegg om retting og løper fra fristoverskridelsen for retting. Der tvangsmulkt ikke fastsettes samtidig med pålegg, skal det gis eget forhåndsvarsel om tvangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, som et engangsbeløp eller som en kombinasjon av løpende mulkt og engangsbeløp. Tvangsmulkten ilegges den ansvarlige for overtredelsen, og tilfaller kommunen. Når det ulovlige forhold er rettet, kan kommunen nedsette eller frafalle ilagt tvangsmulkt."

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Edgaras Mocalovas

Mangersnesvegen 5936
59

MANGER